



# Møtebok

Sak nr 26/2009

Møtedato: 6.5.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Søknad om å få fiske abbor med ruse

Fjellstyret har motteke søknad frå Kjell Moland om å få lov til å fiske med ruser i Storfjorden. Bakgrunnen for søknaden er at han meiner det begynnar å bli store menger abbor i fjorden og han har ikkje sett slike mengder på dei 30 år han har fiska her.

Han ynskjer å starte fisket så snart som mulig etter isløysing. Rusene vil bli ettersett minst kvar 3. dag, då det er fleire som vil samarbeide om dette. Han har i dag tre ruser, men han vil lage fleire om han får lov til å fiske.

Fiskereglane tillet ikkje utanbygd å fiske med fastståande reiskap, og fjellstyret må ev. gi dispensasjon eller endre reglane. Fjellstyret kan og stille dei vilkår som er ynskjeleg, f.eks. merking, rapportering fisketid.

Storleik på bestand av abbor har ein tendens til å variere i storleik. Det kjem gjerne ei dominerande årsklasse som held nyrekuttering nede. Når denne årsklassa går ut pga alder, veks det opp ein ny stor bestand av små fiske. Slik vil abborbestanden gå i svingingar.

I eit oppregulert magasin der det står att mykje vegetasjon, vil det gjerne bli betra forhold for gyting for abbor. Dette har også vore tilfelle for Storfjorden. Vi har vore klar over at det er ein stor abborbestand i Storfjorden, men ikkje at det har auka dramatisk dei siste åra. Utanom svingingane pga årsklasse, vil normalt abborstamma gå ned etter kvart som vegetasjon rotnar/vaska ut.

Auka uttak av abbor er uansett positivt for bestanden av både aure og abbor. Skal rusefiske få noko særleg effekt på bestanden, må det skje i ein langt større målestokk enn det er skissert i søknaden. Rusefiske av abbor kan likevel vera eit godt tilbod til utanbygds, men då bør det vera eit generelt tilbod til alle.

I Slidrefjorden er det gjennomført eit tiltak for å redusere abborstamma. Dette vart gjort ved å fiske med 2-3 storuser gjennom sumaren. Rusene står 1-2 veker på same plass og blir så flytta til nytt område. Aure som blir fanga blir sett ut att. Dette har gjeve eit svært godt resultat så langt og det er langt mindre fangst av abbor. Det vart fiska i 2007 og det vil bli fiska på nytt sumaren 2009. Kostnadane med utfiskinga var i 2007 på kr 30.000.

I samband med prøveprosjekt med utsetting av fiske i Storfjorden på vinterstid, opplyser FOSA at det vil blir utført prøvefiske i Storfjorden i 2009. Før ein eventuelt set i verk eit tiltak med utfisking, kan det vera fornuftig å vente på prøvefiske. Ein vil då kunne dokumentere storleik på abborstamma betre og i tillegg dokumentere effekt av utfisking med eit påfølgjande prøvefiske.

## Vedtak

Fjellstyret avventar vurdering av eventuelle tiltak for å redusere abborstamma til resultat av prøvefiske ligg føre.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Einstemming vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.5.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Kjell Moland